

## Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen

Tid og sted	Mandag 19.09.2022 kl. 09-14, K1, Bikuben kurs- og konferansesenter
Møte nr	
Tilstede	Linda Haugland (FFO), Eli Sjo (FFO), Inger Margrethe Lingjærde (Pensionistforbundet), Ulrikke Tranberg (SAFO), Reidun Tjønn Rinde (FFO), Gunnar Langlo (SAFO), Everline Mjømen (Vestlandsk Innvandrerråd), Atle Grung Eide (Kreftforeningen), Christine Lønne (ProLAR), Bjørn Greve (vara FFO) Merete Eide Hernes, Seksjon for samhandling (referent)
Fravær	Silje Edvardsdal Thon (FFO), Trude Aarseth (FFO)

Saksnr	Saka gjeld
86/22	<p><b>Velkommen. Godkjenning av innkalling og saksliste.</b></p> <p><b>Avgjerd</b></p> <p>Innkalling og saksliste er godkjent</p>
87/22	<p><b>Godkjenning av referat frå brukarutvalsmøte 22.08.22</b></p> <p><b>Avgjerd</b></p> <p>Referatet er godkjent</p>
88/22	<p><b>Kva rører seg i sjukehuset? v / viseadm.direktør Randi-Luise Møgster</b></p> <p><u>Pasienttryggleik</u></p> <p>Første lokale pasienttryggleikskonferanse i Helse Bergen vart gjennomført fredag 16.09.22. Mykje godt forbetningsarbeid vart presentert og det var gode og viktige innlegg frå Brukarutvalet ved Linda og Ungdomsrådet ved Ida. Administrerande direktør har faste pasienttryggleiksvisttar saman med viseadministrerande direktør Clara Gjesdal på ulike einingar. Dei snakkar med både leiare og tilsette og får høyre om kva som er risikoområder for pasienttryggleik i deia eining og kva som kan vere forbetringstiltak.</p> <p><u>Helsefellesskapet</u></p> <p>Startskot for Helsefellesskapet vart fredag 16.09.22 og dagen var prega av optimisme og engasjement</p> <p>I den nye strukturen vil området utvala bli tettare på det operative og det som skjer rundt pasienten og brukaren i fellesskap. Det vert viktig å ha ein klar kopling mellom det strategiske og det operative. Brukarrepresentasjon er styrka og vårt Helsefellesskap har med fleire brukarmedverker enn det er lagt opp til frå sentralt hold.</p> <p><u>Internrevision brukarmedverknad</u></p> <p>Det skal i haust gjerast internrevision på brukarmedverknad i helseføretaka. Ein vil få et utanfrå blikk på korleis vi har det – noko som kan gi kime til ytterlegare forbetring.</p> <p>Revisjonen vil gjennomføre intervjuar, samtaler, sjå på styrande dokumentasjon og opplæringsprogramma, og kanskje observere eit møte i Brukarutvalet. Seksjon for pasienttryggleik koordinerer for Helse Bergen. Rapport skal vere ferdig rundt årsskiftet og skal styrebehandlast.</p> <p>Brukaretvalet håpar fagmiljøa også skal høyrast ut i forhold til korleis dei ser på brukarmedverknad og kor bevisste dei er på dette. Koordinator vil ta dette innspelet til Seksjon for pasienttryggleik</p>

	<p><b>Regnskap og budsjett</b>  Helse Bergen styrer mot eit underskot som får konsekvensar for investeringsbudsjettet. Det som er påbyrja vil bli fullført, mens det som ikkje er starta vil bli forskyvd. Drifta vil gå føre investeringar.  Klinikane er i gang med å sjå på sine budsjetter, og har dialogrunde med administrerande direktør; dei skal sjå på korleis dei kan drifta meir effektivt og sjå på strukturelle tiltak. 2023 blir eit krevjande år for alle klinikkar og avdelingar, men drift, pasientar og pasienttryggleik prioriterast.</p> <p><b>Utskrivingsklare pasientar</b>  Sjukehuset har eit godt samarbeid med dei 18 kommunane og dei handterer utskrivingsklare pasientar godt. Det er månadlege møter mellom samhandlingssjef og forvaltninga i kommunane og ein har jamleg kontakt med kommunalsjefar.</p> <p><b>Avgjerd</b>  Brukarutvalet takkar for informasjonen og tek den til orientering.</p>
89/22	<p><b>Orientering om regionalt prosjekt «Koordinator i spesialisthelsetenesta» v/ Linda Haugland</b>  Linda vil delta i prosjektet på vegne av Ungdomsrådet da dei ikkje kunne stille med brukarmedverkar på dagtid, og hun vil ha fortløpende dialog med Ungdomsrådet for å innhente deira synspunkt og innspel.</p> <p><b>Avgjerd</b>  Brukarutvalet tek informasjonen til orientering</p>
90/22	<p><b>Gjennomgang av prosjektlista, bygg ved Geir Egil Pedersen, Prosjektkontoret</b>  Brukarutvalet fekk informasjon om korleis budsjettituasjonen påverkar prosjektplanen for bygg, kva som går som planlagt og kva som blir forskyvd. Det blei også informert om korleis ein jobbar med universell utforming.</p> <p><b>Avgjerd</b>  Brukarutvalet takker for informasjonen og tar den til orientering</p>
91/22	<p><b>Innvolving av brukarmedverkerar i Delplan kompetanse</b>  Kari Britt Hagen ved Seksjon for kompetanseutvikling presenterer arbeidet med delplanen så langt. Den skal vere ei handlingsplan relatert til utviklingsplan 2022-2035 med hovudfokus på tiltak som skal svare ut de 11 måla utviklingsplanen; spesielt med tanke på mangel på helsepersonell i framtida.</p> <p><b>Avgjerd</b>  Brukarutvalet tar informasjonen til orientering. Inger Lingjærde frå Brukarutvalet vil delta i vidare arbeid.</p>
92/22	<p><b>Flytte- og ibruktakingsprosjekt Glasblokkene</b>  Prosjektleiar Ingjerd Vaula Nesbø presenterer prosjektet, som er organisert under Program styret for Glasblokkene. Glasblokkene er det største byggeprosjektet sidan Sentralblokken. Når det står ferdig vil det vera 50000 nye kvadratmeter, 2168 rom og kring 900 menneske som vil ha dette som sin arbeidsplass.  Dette prosjektet skal ivareta både den praktiske flyttinga av ting, men også korleis og kortid ein skal flytte pasientar og ta i bruk dei nye lokalane.</p> <p><b>Avgjerd</b>  Bjørn Greve blir Brukarutvalet sin representant inn i prosjektgruppa.</p> <p><b>Oppfølging</b>  Linda sender kontaktinformasjon til prosjektleiar</p>
93/22	<b>Hjartesaker og pågåande prosjekter</b>

	<p>Brukarutvalet ønskjer å ha meir fokus på hjartesaker og vil ha dette som ein fast post på dagsorden i møta i Brukarutvalet. Det same gjeld informasjon og innspel på pågående prosjekt der Brukarutvalet er representert.</p> <p>Ein bør vurdera å ha berre 1-2 hjartesaker. Pårørande er særsviktig for Brukarutvalet og bør framhevest i alle prosjekt ein sitt i. Det vil bli ei enkel markering av Pårørande-dagen 22/9 med innlegg både på intra- og internetttsida til Helse Bergen.</p> <p><b>Avgjerd:</b> Brukarutvalet vil jobbe vidare med hjartesakene på neste møte.</p>
94/22	<p><b>Handtering av media ved kommunikasjonsrådgjevar Marte Stangenes, Kommunikasjonsavdelinga</b></p> <p>Brukarutvalet har bedt Kommunikasjonsavdelinga gje råd om mediehandtering. Det blei gitt nyttige tips til korleis handtere førespurnader frå media. Det vart understreka at ein som representant i Brukarutvalet har rett til å snakke opent med pressa, men at det kan vere lurt å be om sitatsjekk, be om vinkling av saken og skriftlege spørsmål, samt skaffe seg informasjon før ein uttalar seg.</p> <p>Brukarutvalet meiner at det berre er leiar eller nestleiar som skal uttale seg på vegne av Brukarutvalet, og at ein må vera merksam på teieplikta.</p> <p><b>Avgjerd:</b> Brukarutvalet takker for informasjonen. Brukarutvalet meiner at det berre er leiar eller nestleiar som skal uttale seg på vegne av Brukarutvalet</p>
95/22	<p><b>Formelle forhold rundt oppnemning og funksjonstid i Brukarutvalet</b></p> <p>Ein ønskjer å tydeleggjere og forankre at oppnemning og funksjonstid i Brukarutvalet skal være i tråd med dei interregionale retningslinjene for brukarmedverknad. Foreslått tekst skal inn i Brukarhandboken, men ein ønskjer så raskt som mogleg å få dette formelt behandla i Føretaksleiinga. Brukarutvalet syns dei føreslårte punkta framstår ryddig og er ei viktig presisering.</p> <p><b>Avgjerd:</b> <i>Brukarutvalet gjer råd om at foreslått presisering kan sendast føretaksleiinga for behandling.</i></p> <p><b>Oppfølging:</b> <i>Det blir retta på ordlyd i det eine kulepunktet etter innspel frå Brukarutvalet</i></p>
96/22	<p><b>Retningslinjer for honorering av brukarmedverkerar på system- og tenestenivå</b></p> <p>Hensikta med retningslinja er å sikre at alle brukarmedverkerar på system- og tenestenivå får honorar for arbeidet dei gjer i Helse Bergen, klargjere kva praksis som gjeld for honorering og bidra til at den praktiserast likt. Retningslinja skal sendast til føretaksleiinga for godkjenning.</p> <p><b>Avgjerd:</b> <i>Brukarutvalet tar retningslinja til orientering og støtter at den sendast til føretaksleiinga for godkjenning.</i></p>
97/22	<p><b>Førespurnad om brukarmedverkar til workshop i regi av NAV og HVL kunnskaps- og tenesteutvikling</b></p> <p>Saka gjeld ei workshop om kunnskaps- og tenesteutvikling som NAV og Høgskulen på Vestlandet skal arrangere. Representantar frå brukarpanela med erfaring frå samarbeid med jobbspesialist skal delta, og det er ønskjeleg med to representantar frå Brukarutvalet som har erfaring med forsking og/eller tenesteutvikling.</p> <p><b>Avgjerd:</b> <i>Brukarutvalet kan sende ein representant på workshopen. Eli Sjo deltek frå Brukarutvalet.</i></p>

98/22	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Linda gir informasjon om den lokale pasienttryggleikskonferansen som var 16.09.22</li><li>• Eli gir informasjon om oppstartsmøte i Helsefellesskapet 16.09.22. og korleis strukturen skal være med Strategisk samarbeidsutval, områdeutval og faglige utval, og korleis brukamedverknaden er lagt opp.</li><li>• Det er laga ein møtestruktur for korleis leiar og nestleiar i Brukarutval og Ungdomsråd skal samarbeide både rundt Helsefellesskapet og andre store program og prosjekt.</li><li>• Alrek-dagane har påmeldingsfrist 19.09.22</li></ul> <p><b>Avgjerd:</b></p> <p><i>Brukarutvalet tar informasjonen til orientering.</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ein treng vararepresentant til prosjekta i Program Sentralblokken</li></ul> <p><b>Avgjerd:</b></p> <p><i>Brukarmedverkerane i prosjekta i Program Sentralblokken er vararepresentant for kvarandre.</i></p>
-------	---